

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Bergen HF
DATO: 18.05.2018
FRÅ: Administrerende direktør Eivind Hansen
SAKSHANDSAMAR: Nina Næsheim
SAKA GJELD: Orientering om relevante lover, forskrifter og myndighetskrav i perioden 14.04.18 til 18.05.18
STYRESAK: 55/18 O
STYREMØTE: 30.05.2018
Administrerende direktør si orientering P2

Oversikt over aktuelle nye lover og lovendringer i perioden

Lov	Fastsett	Kva lova/endringa gjeld
Lov om endringer i behandlingsbiobankloven https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-05-15-17?q=Lov om endringer i behandlingsbiobankloven	15.05.18	Endringa gjer at det blir lov å lagre av blodprøver som blir tatt av nyfødde for å sjekke om dei har ein av 25 sjukdommar, utan tidsavgrensing. Blodprøvene skal fortsatt kunne bli brukt til helsehjelp, kvalitetssikring, metodeutvikling og forskning etter dei alminnelege reglane i behandlingsbiobanklova og helseforskningslova. Lagring av prøvene og helseopplysningane skal, som i dag, vere basert på samtykke. Lovendringa tek til å gjelde frå 01.07.18

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringer i perioden

Forskrift	Dato	Kva forskrifta/endringa gjeld
Forskrift om endring i forskrift 16. desember 2011 nr. 1256 om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2018-04-10-556	11.04.18	Forskrifta sin definisjon av habilitering og rehabilitering er endra: <i>«Habilitering og rehabilitering skal ta utgangspunkt i den enkelte pasients og brukers livssituasjon og mål.»</i> <i>«Habilitering og rehabilitering er målrettede samarbeidsprosesser på ulike arenaer mellom pasient, bruker, pårørende og tjenesteytere. Prosessene kjennetegnes ved koordinerte, sammenhengende og kunnskapsbaserte tiltak.»</i> Formålet med endringane er å forsterke

		brukarperspektivet i tråd med målet om pasientane si helseteneste. Endringa gjeld frå 01.05.18
Forskrift om befolkningsbaserte helseundersøkingar https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2018-04-27-645?q=Forskrift om befolkningsbaserte helseundersøkingar	02.05.18	Forskrifta skal legge til rette for befolkningsbaserte helseundersøkingar for å bidra til kunnskap om befolkninga si helse. Forskrifta skal sikre at behandlinga av helseopplysningar og humant biologisk materiale i befolkningsbaserte helseundersøkingar blir gjort på ein etisk forsvarleg måte, tar vare på den enkeltes personvern og blir brukt til det beste for individet og samfunn. Forskrifta trer i kraft når departementet bestemmer.

Oversikt over myndigheitskrav i perioden

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
-----------------	------	----------------

Ingen aktuelle nye myndigheitskrav i perioden